



DEN NORSKE  
FORLEGGERFORENING

Vestland fylkeskommune

Opplæring og kompetanse  
OPK – Mobilitet

Ref. 2020/74694-1

Oslo, 16.11.2020

**Vedrørende førespurnad om læremiddel på begge målformer til same tid og same pris**

Forlaga er klar over kravet til parallellitet mellom språkformene og tar dette på stort alvor. Forleggarforeininga og medlemsforlaga ber om orsak for at forlaga ikkje har klart å oppfylle kravet i lova, og gjer det dei kan for å rette opp i situasjonen.

Dei fleste læremidla blir skrive på bokmål og omsett til nynorsk. Målet er alltid, og i tråd med lova, at læremiddel skal utkome på begge skriftspråk til same tid (og til same pris). Forleggarforeininga har vore i dialog med departementa om at kor viktig det er at forlaga får tid på seg frå ferdige læreplaner føreligg til dei skal implementerast.

Vi har vore i kontakt med og vidaresendt brevet frå Vestland fylkeskommune til alle dei forlaga som er medlem i foreininga og som produserer læremiddel.

Ansvaret for at parallellitetskravet blir oppfylt ligg på utgjevarane, og vi ber igjen om orsak for at kravet ikkje har vore oppfylt.

Med vennleg helsing,  
Heidi Austlid

Administrerande direktør